



# Møteinnkalling

---

<b>Utvalg:</b>	<b>Nasjonalparkstyret for Reinheimen</b>
<b>Møtested:</b>	Lom
<b>Dato:</b>	08.11.2022
<b>Tidspunkt:</b>	09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## **PROGRAM - Rådgjevande utval 7.nov. og Styremøte 8.nov.**

### **Måndag 7.nov - Rådgjevande utval**

11:00 - Frammøte på Norsk fjellsenter i Lom, Velkommen og introduksjon v/Styreleiar

11:30 - Lunsj og kaffe (Lunspakke frå Bakeriet)

12:00 -

Status for villrein i Noreg og kvalitetsnorm for Villrein - Norsk Villreinsenter Nord, Ingrid Sønsterud Myren

Status og utfordringar for villrein i Reinheimen - Villreinnemnda v/Jo Trygve Lyngved og Villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen v/Tor Taraldsrud.

Pause

14:00 - Reiselivsbedrift i verneområdet på lag med forvaltninga- ved Britt Ingunn Tafjord Walle i Ræin Adventure.

15:00 - Presentasjon om revidering av forvaltningsplan for Reinheimen NP - v/ forvaltarar Mari Melbø Rødstøl og Kristine Sørli.

16:00 - Avslutning og oppsummering av dagen v/Styreleiar

17:00 - Middag og overnatting på Fossheim Hotel, for dei som har meldt frå

### **Tysdag 8.nov. - Styremøte i Reinheimen**

09:00 - Frammøte på Norsk fjellsenter

09:00 - 15:00 - tidsramme for styremøte

Lunsj - ca. 12:00 - 13:00

Velkommen til møte i Lom !

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-Saksnr
ST 41/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 42/2022	Referatsaker		
	Vedtak i klagesak - Trollstigen LVO - dispensasjon - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag Hans Martin Gjedrem		2020/8174
	Referat fra informasjonsmøte - Skjåk - reguleringsplan - riksvei 15 - ny Strynefjellstunnel		2022/9990
ST 43/2022	Delegerte saker		
DS 43/2022	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppinga - Norvald Marstein		2021/10434
DS 44/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes		2020/13782
DS 45/2022	Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen lvo - hogst over 3 daa - 2022 - gnr 6/4 teig i Isterdalen - Allskog		2022/9080
DS 46/2022	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalen NR - motorferdsel - 2022 - 2025 - ATV -Jon Magnar Dyb		2022/10405
DS 47/2022	Søknad - Reinheimen NP - Muldalsbakkane - Tafjordsetra - Geir Ove Hustad		2022/9504
DS 48/2022	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalen NR - motorferdsel - 2022-2025 - barmark - ATV - Geir Ove Hustad		2022/9504
ST 44/2022	Finndalen LVO - Oppfølging av brot på vilkår i sak 7/2022 - oppføring og tilbygg på nytt seterhus på Gubhage seter - gbnr 159/1/50	X	2019/10385
ST 45/2022	Finndalen LVO - Endring av vedtak i sak 7/2022 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Hans Gubhage		2019/10385
ST 46/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - garnkasse ved Fellingsvatnet - Morten Olesen		2020/3413
ST 47/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - påbygg utedo på Mebua og Jervebu - 2022 - Grytten fjellstyre		2022/10269
ST 48/2022	Ottadalen LVO - dispensasjon - 2022 - bygging av utedo ved fiskebu ved Kroketetjønn - Torgeir Aamot		2022/7831







**ST 41/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**ST 42/2022 Referatsaker**

**Vedtak i klagesak - Trollstigen LVO - dispensasjon - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag**

**Hans Martin Gjedrem**

**Referat fra informasjonsmøte - Skjåk - reguleringsplan - riksvei 15 - ny**

**Strynefjellstunnel**

**ST 43/2022 Delegerte saker**

**DS 43/2022 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppinga - Norvald Marstein 2021/10434**

**DS 44/2022 Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes 2020/13782**

**DS 45/2022 Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen lvo - hogst over 3 daa - 2022 - gnr 6/4 teig i Isterdalen - Allskog 2022/9080**

**DS 46/2022 Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalen NR - motorferdsel - 2022 - 2025 - ATV -Jon Magnar Dyb 2022/10405**

**DS 47/2022 Søknad - Reinheimen NP - Muldalsbakkane - Tafjordsetra - Geir Ove Hustad 2022/9504**

**DS 48/2022 Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalen NR - motorferdsel - 2022-2025 - barmark - ATV - Geir Ove Hustad 2022/9504**



Arkivsaksnummer: 2019/10385-21

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 01.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	45/2022	08.11.2022

## Finndalen LVO - Endring av vedtak i sak 7/2022 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Hans Gubhage

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen endrar på vilkåra for dispensasjon, behandla i nasjonalparkstyret 25.02.22 i sak 7/2022, slik at Klomsrohuset med tilbygg kan plasserast med møneretning på tvers av dalføret.

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, c), får Hans Gubhage dispensasjon til å bygge på ein sval til Klomsrohuset, som skal settast opp på Gubhage seter, (159/1/50) i Finndalen.

#### Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast på eksisterande støypt betongfundament vest for setertunet, med møneretning på tvers av dalføret.
- Betongfundamentet skal senkast mest mogleg ned i terrenget, slik at bygget ikkje dannar ein kontrast til bygningsmiljø eller verkar skjemma i landskapet.
- Betongmuren over bakkenivå skal blendast med naturstein, og masse skal fyllast inntil, som vist i skissa frå Flaten Bygg AS. Den synlege delen av muren mot sør, kan ha høgde på inntil 1 m, og mot vegen mot nord inntil 0,4 m.
- Tilbygget skal ha eit areal på inntil 8 m x 2,5 m, målt utvendig.
- Det nyrestaureerte seterhuset, Klomsrohuset, vil etter restaurering med nytt tilbygg, ha eit utvendig areal på totalt 92 m<sup>2</sup>.
- Tilbygget skal ha form som ein sval/skut med skråtak som er tradisjonell byggeskikk, som skisse i søknaden.
- Vindauge på tilbygget skal ha same storleik som på Klomsrohuset, todelt med ruteinndeling 2 x 3.
- Utvendig kledning på tilbygg skal vera i ståande panel og skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på dei andre seterhusa.
- Takmaterialet på skuten skal vera det same som på Klomsrohuset.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og tilpynting av terrenget kring seterhuset er sett til **01.07.2024**.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad om oppføring av Klomsrohuset, frå Hans Gubhage, 11.04.2019
- Vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 19/2019, 24.06.2019
- Delegert vedtak i Lom kommune, 22.04.2020
- Søknad om tilbygg på Klomsrohuset, frå Hans Gubhage 16.04.21
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, sak 9/21, 21.04.21
- Uttale frå bygningsrådgjevar, e-post 07.12.21 og 17.02.22
- Vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 7/2022, 25.02.22
- Brev frå nasjonalparkstyret - pålegg om stans av arbeid, og varsel om mogleg pålegg om retting av brot på vilkår for dispensasjon , i sak 7/2022, 16.09.22
- Kopi av brev frå Lom kommune – pålegg om stans av arbeid, førehandsvarsel om pålegg om retting, 14.09.2022
- Søknad om ny vurdering av plassering av Klomsrohuset, frå Hans Gubhage 03.10.2022
- Oppfølging av ulovlege forhold i verneområder, M-617|2016

## Saksopplysningar

### Ny søknad

Hans Gubhage har i brev datert 03.10.22, gjeve fråsegn til det ulovlege forholdet, og søker samtidig om ei ny vurdering, med ønskje om å plassere Klomsrohuset med tilbygg på tvers av dalføret. Det står følgjande i søknaden:

*Viser til tidlegare byggjesøknad og til brev frå Lom kommune av 14/9 då. ref 2022/98-1 Pålegg om stans av arbeid, førehandsvarsel om pålegg om retting.*

*Innleiingsvis beklagar eg sterkt at eg har forsømt meg og ikkje vore presis i utfylling av tidlegare byggjesøknad. Samt avviket frå dispensasjon frå vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen sendt meg i brevs form dagsett 25/2 då.*

*Byggjearbeidet vart stansa umiddelbart da eg vart oppmerksom på at tomte ikkje var i tråd med byggjeløyvet frå Lom kommune. Dette gjalt retninga på bygget.*

*Byggjearbeidet vart stansa før eg fekk brevet om byggjestans frå Lom kommune dagsett 14/9 då.*

*Først til tilbygg til omsøkt oppføring av seterhus. Seterhuset er på ca 72 m2. Ønskje om tilbygg på 20 m2 låg inne i dispensasjonssøknaden om oppføring av seterhus som Nasjonalparkstyret godkjente, men vart dessverre ikkje med i byggjesøknaden til Lom kommune. Dette beklagar eg sterkt og oppdaga ikkje dette før eg vart gjort kjent med dette i brevet frå Lom kommune om stans i byggjearbeidet dagsett 14/9 då.*

*Korrekt storleik inklusiv seterhus og tilbygg ligg nå inne i den nye byggjesøknaden. Og som altså er i samsvar med dispensasjonshandsaminga i Nasjonalparkstyret.*

*Målsettinga med oppføringa av det «nye» sæterhuset er omtala i den opprinnelege dispensasjonssøknaden. Vi ønskjer framleis å basere den vesentlege mjølke- og kjøttproduksjon på kyr av dei gamle, beskytta kurasane. Dette opnar ein del mulegheiter basert på tilreisande frå inn- og utland. Gubhagen er den einaste garden i Norge som har alle dei 6 gamle ferasane på båsen. Dette ønskjer vi å utvikle ytterlegare der nærleiken til Reinheimen nasjonalpark også vil vere ei verdifull og forpliktande ramme.*

*Gubhagen har det siste året vorte eit tregenerasjonsbruk der drifta av den samla produksjonen skal gje hovudinntekta til to husstandar. Oppføringa av det «nye» seterhuset er meint å bli eit viktig bidrag til dette.*

Så til retninga på bygningen. Eg søkte opprinneleg om at bygningen skulle oppførast på tvers av dalføret. Dette for å gje ei best muleg tunform. I utgangspunktet var ikkje dette nokor stor sak for meg, men likevel det mest opplagte. Dette ville også gje betre arbeidstilhøve og plass i aurbua under bygningen.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjorde i sitt dispensasjonsvedtak ei endring på dette og ville ha bygget med møneretning parallelt med dalføret. Noko som Lom kommune vidareførte i sitt byggjeløyvevedtak.

Dette var eg innstilt på å rette meg etter og tenkte ikkje meir over dette. Likevel var tunløysinga så opplagt i mitt hovud at planlegginga vart gjort utifrå oppsetting av bygget på tvers av dalfører. Dette er mitt fulle ansvar og eg skulle sjølsagt lagt opp byggjeprosessen basert på byggjeløyvevedtaket i Lom kommune.

Når Lom kommune nå får ein fornøya byggjeløyvesøknad, tillet eg meg likevel å søkje om løyve til å plassere bygget på tvers av dalføret.

Det er fleire grunnar til dette.

1. Eg kan ikkje sjå ei opplagt grunngeving korkje frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen eller Lom kommune kvifor bygget ikkje kan stå på tvers av dalføret.
2. Det blir ei langt betre tunløysing om bygget blir plassert på tvers av dalføret.
3. Det blir ein meir praktisk sambruk av bygningane på tunet.
4. Det blir betre plass til ei aurbu under bygningen. Dette vil gje betre arbeidstilhøve og større kapasitet.
5. Finndalen er ein typisk u-dal med mange flate areal. Bruken og arealdisponeringa er gjennom generasjonar lagt opp etter dette.
6. Både seterhus, fjøs, lør og andre bygningar i Finndalen er plassert både langs dalføret og på tvers av. Dette gjeld både historiske og nye bygningar. Dei siste bygningane som er reist opp i Finndalen - bortsett frå det som nå blir oppført på Breistulen og ei seterstugu på Vangen - har blitt oppført på tvers av dalføret. På alle dei fire seterstulane vest for Gjerdingåa, er det jamt fordelt mellom bygningar som er oppført på tvers av dalen og dei som står langs dalen. Dei eldste bygningane som ein i dag har i Finndalen, er oppførte på tvers av dalen. Dette gjeld mellom andre seterstugu til Nordistun Bøje på Breistulen og fjøset til Kjeka på Vangen. Ser ein på bileta frå da Øygaardsetra vart flytta til Maihaugen for nærare 100 år sidan, stod bygningar på tvers av dalføret.

Om ønskjeleg kan eg ta ei fullstendig registrering av alle bygningar i Finndalen med oversikt over bygningar med møneretning på tvers av dalføret og med møneretning langs dalføret.

Vil også leggje til at grunnmuren allereie er på plass og det vil påføre meg ein stor tilleggskostnad om ikkje seterhuset med påbygg kan byggjast på tvers av dalføret. Men dette var og er mitt ansvar og kviler ikkje på andre enn meg som ansvarshavar.

## Historikk i saka

- 24.06.2019 - Vedtak i nasjonalparkstyret: Hans Gubhage fekk dispensasjon til å sette opp eit nytt seterhus, Klomsrohuset, på si seter i Finndalen lvo, med plassering som vist i foto under, plassvariant 1 med møneretning parallelt med dalen.




Foto: viser plassering av Klomsrohuset, plassvariant 1 som dispensasjon 24.06.19.

### **Vedtak, 24.06.19**

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) og c), får Hans Gubhage dispensasjon til følgjande på Gubhagesetra, (159/1/50):

1. oppføring av nytt seterhus, flytta frå Klomsroe
2. innvendig ombygging/omdisponering av eksisterande seterhus, for vidareutvikling av setra til småskala reiseliv.



Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Nytt seterhus frå Klomsroe, skal etter oppføring ha eit utvendig areal på 72 m<sup>2</sup>, (6 m x 12 m).
- Klomsrohuset skal restaurerast etter antikvariske prinsipp, og tilpassast setermiljø og bygningsmiljø.
- Nye vindauge, som må skiftast ut, skal ha same storleik som på eksisterande bygg, todelt med ruteinndeling 2 x 3. Nytt vindauge på langveggen mot vegen skal ha same storleik.
- Det nye seterhuset skal plasserast vest for setertunet, der det i dag er ei støypt såle, vist som plasseringsvariant 1 i søknaden, og foto i saksutgreiinga.
- Takmaterialet skal vera torv, skifer, eller tre.
- Utvendig kledning i ståande panel kan vera aktuelt på deler av bygget, dersom det er vurdert som nødvendig av kyndig handtverkar. Tømmerveggane og evt. utvendig kledning på bygningen skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på eksisterande seterhus.

- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.

*Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 24.06.2022. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket. Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.*

- 22.11.2021 – Finndalen fjellstyre oversender ny søknad frå Hans Gubhage (datert 16.04.21) om tilbygg på en sval/skut, på ca 20 m<sup>2</sup>, og ny plassering, på tvers av dalføret.
- 07.12.2021 – Uttale frå bygingsrådgevar GM og vurdering mht tilbygg og ny plassering – Bygningsrådgevar tilrår plassering av bygget slik at møneretningen blir parallelt med dalføret, for å unngå store terrenginngrep. Sidan det er støpt såle frå, bør nytt betongfundament og mur i betong blendast med naturstein.



- 25.02.2022 - Vedtak i nasjonalparkstyret sak 7/2022 - Hans Gubhage får dispensasjon til nytt tilbygg på Klomsrohuset, med vilkår om at bygget skal plasserast med møneretning parallelt med dalføret, i samsvar med tilråding frå bygningrådgevar i Gudbrandsdalsmuesa.

**Vedtak, 25.02.22:**

*Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, c), får Hans Gubhage dispensasjon til å bygge på ein sval til Klomsrohuset, som skal settast opp på Gubhage seter, (159/1/50) i Finndalen.*

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- *Bygget skal plasserast på eksisterande støypt betongfundament vest for setertunet, med møneretning parallelt med dalføret.*
- *Tilbygget skal ha eit areal på 8 m x 2,5 m, målt utvendig.*
- *Fundamentet til bygget skal være mur i naturstein, eller alternativt støypt betongmur som blendast med naturstein.*
- *Det nyrestaurerte seterhuset, Klomsrohuset, skal etter restaurering inkludert nytt tilbygg, ha eit utvendig areal på totalt 92 m<sup>2</sup>.*



- *Tilbygget skal ha form som ein sval/skut med skråtak som er tradisjonell byggeskikk, som skisse i søknaden.*
- *Vindaug på tilbygget skal ha same storleik som på Klomsrohuset, todelt med ruteinndeling 2 x 3.*
- *Utvendig kledning på tilbygg skal vera i ståande panel og skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på dei andre seterhusa.*
- *Takmaterialet på skuten skal vera det same som på Klomsrohuset.*
- *Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.*

*Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.2023. Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.»*

- 07.09.2022 - Forvaltar oppdaga under synfaring i Finndalen at det var sett i gang grunnarbeid og støyping av kjellermur som ikkje samsvarar med vilkår i vedtaket av 25.02.22. Forholdet vart stadfesta på telefon med tiltakshaver, som har beklaga at det er lagt opp til ei plassering i strid med vedtaket.
- 14.09.2022 – Brev frå Lom kommune til Hans Gubhage – *Pålegg om stans av arbeid, førehandsvarsel om pålegg om retting (Pbl)*., da det ikkje var sendt søknad til Lom kommune om nytt tilbygg for behandling etter Pbl. Frist for søknad 14.10.22
- 16.09.2022 – Brev frå nasjonalparkstyret til Hans Gubhage: *Pålegg om stans av arbeid, og varsel om mogleg pålegg om retting, av brot på vilkår for dispensasjon (Nml)*, Frist for fråsegn sett til 15.10.22

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

### Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til

*b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.*

*c) ombyggingar og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande om byggeskikk og tilbygg:

**Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.** *Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i*

*Materialval*

*Byggjeteknikk*

*Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført*

slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.

### **Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c**

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er: i sårbare område som snaufjell eller seterområde av omsyn til andre bygningar i nærleiken av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m<sup>2</sup> ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

I forvaltningsplan, kap. 9.6, er småskala reiseliv omtalt slik:

### **Tilrettelegging § 3, pkt 1.3, c.**

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta opne for småskala reiselivsutvikling i tilknytning til eksisterande bygningsmasse. Bygningsmassen kan byggast om for overnatting servering sanitære formål lager. I tillegg kan det tilretteleggjast for parkering.

For tiltak på bygningar gjeld retningsliner under pkt. 9.3 Bygningar.

Reiselivsutvikling må også skje innafor dei rammer som blir gjeve i verneforskriften og av fjellstyret og kommunen, og vurderast opp mot verneformålet.

## **Naturmangfaldlova**

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

## **Vurdering**

Det er søkt om å få løyve til å plassere det nye seterhuset på tvers av dalføre, og ikkje på langs, slik som nasjonalparkstyret har gjeve dispensasjon til 25.02.22 i sak 7/2022. Saka skal derfor vurderast som om tiltaket ikkje er igangsatt, som etterfølgjande dispensasjon.

Tiltakshavar har i sitt fråsegn til saka datert 03.10.22, beklaga brot på vilkår, og at han ikkje frå starten var tydeleg nok i sin søknad når det gjeld plassering av bygget. Han søker derfor om å plassere Klomsrohuset med tilbygg på tvers av dalføret, mellom anna med slik grunngeving:

- betre tunløysing
- meir praktisk sambruk av bygningane på setertunet
- betre plass til aurbu som kjeller, betre arbeidstilhøve og større kapasitet.

Hans viser også i brevet til at fleire seterhus, fjøs, løer og andre bygningar i Finndalen er plassert både på langs dalføret og på tvers av dalen. Det stemmer at både seterhus og andre bygg i Finndalen er plassert med ulik møneretning både på langs og på tvers av dalføret, avhengig av terrenget og helning. Plassering av bygningar vil vera eit resultat av



Det vart gjennomført ei synfaring 10.10.22, der tiltakshaver, snekker, entreprenørar, byggesaksbehandlar i Lom kommune og forvaltar deltok. Formålet med synfaringa var å få betre kunnskap om det som er gjort, og vurdere det igangsette arbeidet. Både tiltakshaver og handverkarar fekk høve til å uttale seg om tiltaket, og forklare korleis ein kan unngå ulemper for landskapsbilete ved plassering av bygget på tvers.

Foto under er frå synfaringa 10.10.22 og viser det igangsette grunnarbeidet med utgraving av masser til kjeller støypet i betong, planering og masseforflytting.




*Bilete over viser betongmuren, sett frå sør*



Dei to bileta over viser betongmuren og terrenget sett frå aust. Pila mot veggen viser retning av bygget med møneretning på tvers av dalen, og utgraving mot veggen for å senke bygget mest mogleg.

Etter synfaringa har Flaten Bygg AS, som står for restaurering av Klomsrohuset, sendt over ny fasadeteikning som viser av bygget plassert på tvers av dalen. I skissa under er bygget vist frå sørsida med inngang til kjellar, og frå austsida som vender mot tunet.



Skissa viser betongmuren over bakkenivå blenda med natursetin, og jordmasse fyllt inntil mur og tereng. Den synlege delen av muren utover mot sør er ca. 1 meter høg, og mot veggen 30-40 cm. Ved å plassere Klomsrohuset slik Flaten Bygg AS har skissert, vil ein kunne avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane i seterlandskapet og unngå at muren blir dominerande og skjemma.

I Finndalen Ivo er bygningane ein vesentleg del av seterlandskapet. Det nye bygget vil uansett plassering vera eit nytt element i landskapsbilete som er vurdert i tidigare behandling i nasjonalparkstyret. Men for å unngå nye *store terrenginngrep* og meir graving, er det mest hensiktsmessig at bygget blir plassert på tvers av dalføret, og senka mest mogleg slik som Flaten Bygg AS har skissert.





*Bilete over viser Gubhage seter, sett frå vest mot aust.*

Tilbygget vil ikkje føre til bruksendring av setra som er til ulempe for verneverdiane eller som endrar landskapet sin karakter. Det er positivt at seterhuset frå Klomsroe, vert teke vare på gjennom restaurering, og ny bruk. Ved gjennomføring av restaureringsarbeid og tilbygg skal det brukast kyndige handverkarar, noko som sikrar den faglege kvaliteten på tiltaket.

Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap, bygningsmiljø i Finndalen er dokumentert gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtselsplanarbeidet i området, ( jf. kunnskapsgrunnlaget i Nml § 8).

Nml §§ 9, 11, 12 er ikkje relevant å vurdere.

Byggetiltaket er knytt til seterdrift og landbruksnæring, og vil ikkje føre til presedensverknad ved mange liknande søknader og samla belastning for økosystemet, jf. Nml § 10, vurdering av *økosystemtilnæring og samla belastning*.

Tiltaket vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for bygningsmiljø og landskapsbilete.



Arkivsaksnummer: 2020/3413-11

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 31.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	46/2022	08.11.2022

## Reinheimen NP - dispensasjon - garnkasse ved Fellingsvatnet - Morten Olesen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Morten Olesen avslag på søknaden om plassering av garnkasse ved Fellingsvatnet. Plassering av garnkassa i den storleik det er søkt om, vil skape uheldig presedens og stri mot vernevedtakets formål.

Omsøkt garnkasse er så stor at den ikkje vil kunne gøymes under båten og vil synes godt i landskapet. Nasjonalparkstyret ser behovet for ei oppbevaringskasse med plass til redningsvest og fiskegarn der det ligg ein fiskebåt. Nasjonalparkstyret opnar for at det kan søkjast om å sette ut ei mindre garnkasse som kan gøymast under båten. Denne kan plasserast ut ved henting av den utplasserte kassa.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrift.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Olesen 03.03.2020 om å bytte båt ved Fellingsvatnet.
- Dispensasjon gitt 30.03.2020 sak: 2020/3413 dok 2.
- Brev frå SNO 23.05.2022: rapport om ulovleg oppsatt garnkasse.
- Varsel frå forvaltninga i brev til Olesen 19.09.2022
- Uttale frå Morten Olesen i brev 03.10.2022

### Saksopplysningar

Morten Olesen søkte 03.03.2020 om motorisert ferdsel med snøskuter for transport av båt til Fellingsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Det skulle nyttast leigekøyrar til transportoppgdraget, og det vart søkt om 1 tur i 2020. Dette vart det gitt løyve til, og ein glassfiberbåt skulle erstatte ein gamal trebåt. På grunn av ustabile værforhold vart ikkje transporten gjennomført i 2020, og heller ikkje i 2021. Vinteren 2022 vart transporten gjennomført. Det var ikkje ved nokon anledning søkt om å plassere ut ei garnkasse i samband med frakta.

23.05.2022 fekk forvaltninga ein rapport frå SNO om at det var plassert ut ei garnkasse ved Fellingsvatnet. Denne ulovlege utplasseringa vart varsla om til Olesen både via telefonsamtale frå forvaltar og i brev 19.09.2022. Forvaltninga oppfordra da Olesen til å komme med ein uttale om forholdet.

03.10.2022 fekk forvaltninga ei uttale frå Olesen. Her uttrykkjer han ei stor skuffelse over forvaltninga og SNO som oppfattar garnkassa som eit ulovleg tiltak. Han stiller spørsmålsteget ved at forvaltninga og SNO bruker ressursar på korleis redningsvester og fiskegarn oppbevares på ein forsvarleg måte. Han ber om at brevet hans blir behandla som ein søknad om å få godkjent den utsatte garnkassa.

Olesen skriv i brevet sitt at Lesja fjellstyre har bygd kassar for fiskegarn som ligg innafor nasjonalparkgrensa og at fjellstyret oppfordrar til utnyttelse av fiskeressursane. Han skriv at han trur fjellstyrets måte å legge forholda til rette på, var til gode eksempel for bygdefolket.

Det vises også til tradisjonsrikt fiske som folket på garden har gjort i generasjonar og for å ivareta desse er det viktig med god HMS, derav bruk av redningsvest. Olesen meiner det bør være likhet for alle og henviser da til at det 250 meter frå Fellingsvatnet, i Skjåk kommune, skal være lov til å plassere garnkassar.



Vedlegg: I202225661280049121\_3155252688021205\_1035261937982950442\_n.jpg



Bilete frå verneområdeloggen til SNO. Garnkasse ulovleg plassert ved Fellingsvatnet.



## Kart



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhold av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

### Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

### §3, Vernereglar

#### 1.1

Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

g) Oppsetting av kasser for utstyr og proviant ved fiskevatn i Skjåk almenning.

## Forvaltningsplan

*Etter søknad er garnkasser tillate sett opp i Skjåk allmenning. Det gjeld følgjande reglar for utforming og bruk: Kasser for utstyr og proviant skal ikkje overstige 1 m<sup>3</sup>. Største høgde skal ikkje overstige 0,8 m. Kasser for utstyr og proviant skal plasserast minst mogleg skjemmaende og framtreddande i terrenget. Kassene skal plasserast inntil naturleg forhøgdingar som t.d. fjellknauser, større steinblokker og liknande. Synlege flater skal tildekkjast med naturlege materialar i området. Fleire kasser må ikkje koplust saman når formålet er å skape bueiningar*

*Garnkasser § 4, jf naturmangfaldlova § 48.*

*Forvaltningsstyresmakta kan for område i Skjåk almenning gje løyve til transport av garnkasser på snødekt mark. Etter søknad kan garnkassene bli flytta mellom vatn. Transporten skal skje med leigekøyrar. Transport for oppfylling av garnkasser er ikkje tillate.*

## Naturmangfaldlova

*Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.*

## Presedens

*I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.*

## Vurdering

Vern som nasjonalpark inneber strenge reglar for områdevern. Forbod mot tekniske inngrep står sentralt og skal handterast særst strengt ved eventuelle søknader om dispensasjon.

Plassering av garnkasser i nasjonalparken vart vurdert ved vernetidspunktet. I verneforskriftene for Reinheimen nasjonalpark, står det at det kan gis løyve til dette ved fiskevatn i Skjåk almenning. Bruken av området gjennom generasjonar har vore med og gjeve føringar for kva det kan gjevast løyve til. Det er altså tatt høgde for utplassering av garnkasser i nasjonalparken og dette er vurdert til kun å gjelde ved fiskevatn i Skjåk almenning, der dette var etablert praksis ved vernetidspunktet. Søknad om plassering av garnkasser utanfor Skjåk almenning må difor handterast etter naturmangfoldlova § 48.

I brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015 er det gjeve retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48.

Der står følgjande « *Også ved enkeltsaker som gjelder små tiltak, må det ses hen til presedensvirkningene ved at andre kan få dispensasjon til tilsvarende tiltak. Dette følger ikke minst av kravene til likebehandling. Presedensvirkninger avhenger for det første av sannsynligheten for at andre vil søke om dispensasjon til tilsvarende tiltak og for det andre av konsekvensene for verneverdiene og verneformålet av at det blir gitt dispensasjon til tilsvarende tiltak.*

*Presedensvirkninger er derfor relevante både ved vurderingen av om vilkårene i § 48 er oppfylt og ved den brede skjønnsmessige vurderingen av om man bør gi dispensasjon.»*

Utplassering av garnkasser kan enkeltvist sjåast på som eit lite tiltak. Det er mange båtar i opplag ved fiskevatna i Reinheimen nasjonalpark, og ei tillating av garnkasser ved desse båtane vil gje ein presedensverknad. Det er sannsynleg at det er mange som vil søkje om det same i nasjonalparken. Garnkassa Olesen har satt ut er stor og synes godt i landskapsbiletet. Ein tillating av ei kasse på denne størrelsen vil difor kunne skape uheldig presedens.

Olesen viser til at Lesja Fjellstyre har bygd kasser for fiskegarn som ligg innafor nasjonalparkgrensa. I fylge daglig leder i Lesja Fjellstyre ligg ingen av deira garnkasser innafor Reinheimen nasjonalpark.

Lesja fjellstyre har tidlegare gitt uttale til utplassering av garnkasse i Dalsida LVO der dei stiller vilkår om at garnkassa ikkje skal overstige 1x1x1m.

Fjellstyret sett her ei størrelsesbegrensing på kassa og krav til at kassa ikkje skal vises i terrenget. Til samanlikning er garnkassa som er sett ut i Reinheimen nasjonalpark heile 2,65 m lang.

I ein nasjonalpark skal det vere eit enda strengare vern enn i eit landskapsvernområde, og vi vil difor ikkje tillate den store garnkassa som er ulovleg satt ut ved Fellingsvatnet. Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gje løyve til dette og vi må difor vurdere saka etter § 48 i naturmangfoldloven.

Naturmangfoldloven § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon fra vernevedtak. Bestemmelsen er åpen for at det kan gis dispensasjon dersom det ikkje strir mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller pga sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Forvalter meiner at ei tillating av ei garnkasse på på 2,65m X 0,84m X 0,42 m (som er den størrelsen søkjer har på si garnkasse) vil kunne stri mot vernevedtakets formål. Kassa vil ikkje kunne gøymes under båten og vil synes godt i landskapet. Kriteriar for avgrensing av nasjonalparken er knytt til leveområde for villrein og store villmarksprega (urørte) naturlandskap. Tillating av garnkasser på denne størrelsen utanfor Skjåk almenning vil kunne prege landskapsbiletet, skape uheldig presedens og difor stri mot vernevedtakets formål.

Olesen har søkt om og fått innvilga utsetting av båt ved Fellingsvatnet. Det var ikkje ved nokon anledning søkt om å plassere ut ei garnkasse i samband med frakta. Dette er eit ulovleg forhold som SNO har fulgt opp med eit brev til forvaltninga. Det er viktig at slike slike overtredelser blir fulgt opp. Manglande oppfølging kan følge til at respekten for vernreglene svekkes. Det kan virke urettferdig for de som følger regelverket, dersom manglande etterlevelse ikkje får konsekvensar. Som etterfølgelse av dette vedtaket vil vi følge opp med krav om retting (dvs krav om at kassa må fjernast frå verneområdet). Vi oppfordrar i denne saka til at Olesen kan søkje om å sette ut ei mindre garnkasse som kan skjules under båten, i samband med utfrakting av den store kassa.

Forvalter ser behovet for ei oppbevaringskasse med plass til redningsvest og fiskegarn der det ligg ein fiskebåt. Ved løyve til plassering og utkøyring av fiskebåt i vernområdet, synes det fornuftig å samtidig kunne køyre ut ei kasse som kan ligge under båten ved opplag. Så lenge kassa er såpass liten at den blir skjult under båten i opplag, vil denne kassa tjene til tryggleik ved oppbevaring av redningsvest og til å halde det ryddig rundt båten. Ei kasse som ikkje synes i landskapsbiletet og vil ligge under båten i opplag, meiner forvalter ikkje vil stri mot vernevedtakets formål eller påverke verneverdiane nemneverdig.

Forvaltninga bør være restriktiv med å gje løyve til utsetting av garnkasser ved båter som allereie er i opplag, då dette kan skape unødig mykje motorferdsel i verneområdet. Utsetting



av garnkasser bør skje i samanheng med utskifting og frakt av båtar, evt anna tillaten transport.

Søknaden må og vurderes etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsipp nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforingelse bæres av tiltakshaver, samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert gjennom verneplan for Reinheimen med kartleggingar og konsekvensutgreiing. Det er såleis god oversikt over kva som kan påverke natur- og kulturmiljøet i området, jf. naturmangfoldlova § 8.

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyring i verneområdet. Det er mange båtar i opplag ved fiskevatna i Reinheimen nasjonalpark, og ei tillating av garnkasser ved desse båtane vil gje ein presedensverknad. Samla belastning pga. presedensverknaden ved tillating av garnkasse med denne størrelsen utanfor Skjåk almenning vurderast som uheldig, då det er sannsynleg at fleire vil søkje om det same og dette vil synest i landskapet. I nasjonalparken skal du få ei kjensle av å være i urørt natur utan tekniske inngrep. Det er likevel aksept for at det ligg båtar i opplag ved fiskevatn. Om søker ynskjer det, kan han i neste omgang søkje om å sette ut ei garnkassa som er så liten at den ikkje vil synes under båten. Ei slik garnkasse vil ikkje endre på landskapsbiletet.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Ved å sei nei til den store garnkassa vil dette medføre bruk av snøskuter for å hente den. Bruk av snøskuter er ein føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet i dette tilfelle. Det er etablert forvaltningspraksis i tilsvarande saker, og blir satt vilkår som reduserer belastninga.

## Konklusjon

Plassering av garnkassa i den storleik det er søkt om, vil skape uheldig presedens og stri mot vernevedtakets formål. Om søker ynskjer det, kan han søkje om å sette ut ei garnkassa som er så liten at den ikkje vil synes under båten, ved henting av den store garnkassa. Ei slik garnkasse vil ikkje endre på landskapsbiletet og vil ikkje stri mot vernevedtakets formål..

kora 3/10 - 2022

Til  
Nasjonalparkriket  
for Reinheimen

(Unntatt offentlighet.)

Trygg oppbevaring av redningsvester og fiskeutstyr  
i Hordalen.

Det er med stor overraskelse, og ikke minst i djup skuffelse vår familie har mottatt brevet fra styreleder Per Magnus Berdal, og nasjonalparkforvalter Mari Melbø Redstøl, med påstand om ulovlig garn- og proviantkasse ved Fellingvatnet. I det lengste håpet jeg at telefonsamtalen det henvises til var en vond drøm. Dessverre kom brevet som en bekreftelse på, at vårt forsøk på å skape trygghet og trivsel rundt tradisjonsrikt garnfiske, på Fellingvatnet blir oppfattet som et ulovlig tiltak.

Mener virkelig folkevalgte Per Magnus Berdal, som skal representere fjellfolkets interesser i nasjonalparkforvaltningen, at myndighetssorgenene Statens Naturoppsyn og ansatte i nasjonalparkforvaltningen, skal bruke arbeidstid og ressurser på hvordan redningsvester og fiskegarn oppbevares på en forsvarlig måte.

Vi ber om at dette brevet blir behandlet, som en søknad, om å få godkjent kassen, som det er henvisning til med nøyaktige mål. Vi har mange vitner, på at Statens Naturoppsyn var til stede ved transporten av

# Autonomous ...

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..

... ..



- båten, med nødvendig utstyr. Vi ble ikke orientert om at tiltaket var søknadspliktig ut over den godkjenningen, som allerede var gitt. På forhånd var vi kjent med at hesja fjellstyre har bygd kasser og anlagt stasjoner av ulike typer, for oppbevaring av fiskegarn i vassdrag, som ligger innenfor nasjonalparkgrenser. Fjellstyret oppfordrer til utnyttelse av fiskeressursene i høyfjellet, og vi trodde at fjellstyrets måte å legge forholdene til rette på, var gode eksempler for bygdefolket.

Dersom nasjonalparkstyret ikke godkjenner vår garnkasse, og umiddelbart setter en stopper for saken og etterforskningen, som har pågått siden tilsynsturen i april, som det henvises til, vil vi be om å få tilsendt kopi av vedtaket der hesja kommune ikke åpner for at det er tillatt å oppbevare garn i kasser ved båtene i fjellet.

Vi vil også legge frem uttalelse fra Rednings-selskapet, om påbud om bruk av redningsvester. Det er hele familien, unge og eldre, personer i ulike vektklasser, som skal benytte båten, og derfor må vi ha et godt utvalg redningsvester, som oppbevares i tørt rom.

3 generasjoner før oss, har folket på garden drevet fiske i hordalen. Dette er altså en tradisjon sterkt bundet til garden, og på garden har vi HMS-reglene å forholde oss til.





Vi har dokumentasjon på hvordan bestemmel-  
 sene i fjellet praktiseres i andre områder.  
 Mener Berdal, det er likhet for alle, og god  
 forvaltning av et felles stort fjellområde,  
 at det er ulike regler i Skjåk og Hesja.  
 Fellingvatnet ligger bare 250 meter, fra  
 Skjåks areal, der utstyr for forsvarlig  
 oppbevaring av nødvendig båt- og fiskeut-  
 styr, blir godkjent uten søknader.

Når fjellfolk ferdes i fjellet har vi fjellvett-  
 reglene og forholde oss til, men når det er en  
 båt ved et fiskevann, oppfatter vi det som  
 at tryggheten ikke er så viktig.

Vi ber om at Nasjonalparkstyret for Rein-  
 heimen legger til rette for trossel, og en  
 fortsatt god utnyttelse av de rike ressursene,  
 som har vært forvaltet på en god måte,  
 og imøteser en snarlig godkjenning av  
 vårt båtutstyr på Fellingvatnet.

Med vennlig hilsen  
 familien Olesen på Høgbrenna gard.

Hildegeun Olesen og *Morten Olesen*  
 Romsdalsvegen 1956  
 2666 Lora

P.S. Årer til båten, må også oppbevares tørt og  
 trygt, sånn at de ikke kommer på avveie. Dette  
 har skjedd andre plasser!!

~~sfenpost~~

sfenpost@statsforvalteren.no.



Arkivsaksnummer: 2022/10269-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 26.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	47/2022	08.11.2022

## Reinheimen NP - dispensasjon - påbygg utedo på Mebua og Jervebu - 2022 - Grytten fjellstyre

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3. bokstav b), får Grytten fjellstyre avslag på søknaden til påbygg med innvendig toalett på Mebua.

Nasjonalparkstyret har 25.02.22 i sak 6/2022, gjeve Grytten fjellstyre dispensasjon til å rive den frittstående utedoen, og sette opp ny do som tilbygg til Mebua. Dispensasjonen til å bygge utedo som påbygg på Mebua og til å rive den frittstående utedoen, gjeld framleis med dei vilkåra som er satt.

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3. bokstav b), får Grytten fjellstyre dispensasjon til å bygge utedo med gang/lagerplass på Jervebu.

Dispensasjon til å bygge på Jervebu er gjeve med følgjande vilkår:

- Fundamentet på utedoen skal være ein enkel mur med naturstein.
- Utvendig kledning skal være av same type og farge som ellers på Jervebu.
- Takmaterialet skal være av same materiale som resten av taket.
- Påbygget skal ikkje forlengje langveggen med meir enn 1,5 m. Høgda på takes skal ikkje gå over eksisterande tak. Vinkel på taket skal være det same som eksisterande takvinkel på Jervebu.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs ryddast bort frå området.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er sett til **01.10.2023**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med Rauma kommune.

--- slutt på innstilling ---




## Dokument i saka

- Søknad frå Grytten fjellstyre 07.09.2020 utedo ved Jervebu og Slettflybotn
- Sak 2020/10909, Reinheimen NP-dispensasjon-2020-oppføring av utedo-ervebua-slettflybotn-Grytten fjellstyre.
- Søknad frå Grytten fjellstyre 24.01.2022 – Riving og oppføring av utedo Mebua-Grytten fjellstyre
- Sak 2022/1146 Reinheimen NP -dipsensasjon-2022-riving og oppføring av ny utedo-Mebua-Grytten fjellstyre
- Mail frå Grytten fjellstyre 06.10 om påbygg utedo.
- Søknad frå Grytten fjellstyre 25.10.2022, Påbygg utedo Jervebu og Mebua 2022

## Saksopplysningar

I 2020 fekk Grytten fjellstyre løyve til å sette opp frittstående utedo ved Jervebu og ved Slettflybotn. Dette tiltaket vart ikkje gjennomført innan fristen. I januar i år søkte Grytten fjellstyre om å rive det frittstående utedoet ved Mebua, og bygge eit nytt som eit påbygg på sjølve fjellstyrehytta. På grunn av tidvis kraftig uvær på fjellet vinterstid, har utedoet ved Mebua velta overende fleire gongar. Nasjonalparkstyret syntes det var fornuftig at utedoet ikkje sto for seg sjølv da det som eit påbygg på hytta vil tåle sterk vind, og det blir færre bygningar i det opne fjelllandskapet.

I oktober kom det ein ny søknad frå Grytten fjellstyre der dei søker om påbygg av Jervebu og Mebua for å bygge utedo og samstundes løyve til å rive det frittstående utedoet ved Mebua. Forvalter tok kontakt med søker og opplyste om dei løyvene dei allereie hadde. Forvalter opplyste om at tegningane av påbygget måtte være meir presise og at dei måtte begrunne behovet i søknaden. 25.10 kom eit nytt brev frå fjellstyret med nye tegningar.





Kart som syner kor Jervebu og Mebua ligg.



Jervebua. Foto: Thomas Rødstøl, SNO.



Her ser vi kortveggen på Mebua der det skal bygges på eit utedo (bilete SNO).



Teikning av påbygg på Mebua som Grytten søkte om i januar og som dei fekk løyve til.



## Søknaden


Søknad på epost 06. okt

*Legger ved et forslag til hvordan vi kunne tenke oss å bygge utedoene på Jervebua og Mebua og kanskje bua i Slettflybotn. Det blir en forlengelse av hyttene på ca 175 cm.*

*Spesielt om vinteren er det greit å kunne gå på do uten å vasse gjennom snøen. Hyttene er åpne, så det vil være tilgang til doene også for passerende.*

*Det gir også litt lagerplass for ved etc.*

*Avventer kommentar.*



Søknad på epost 23. oktober

*Bygging av utedo på Mebua og Jervebua*


*Utedoen ved Mebua i dag står veldig værutsatt til, og til tross for flere gangers bardunering med strekkfisker, har den blåst overende flere ganger. Jervebua mangler utedo pr. nå.*

*Grytten Fjellstyre søker med dette om tillatelse til å sette opp nytt utedo inntil ene gavlveggen på Mebua og Jervebua. Se vedlagte skisse. Skissa er av Mebua, men samme prinsipp tenkes brukt på Jervebua.*

*Utedoene skal bygges i vanlig reisverk slik som hyttene er bygd. Ved å forlenge hyttene som skissen viser, vil det fortsatt bli ett bygg. Spesielt om vinteren er det greit å kunne gå på do uten å måtte vasse gjennom snøen. Hyttene er åpne, så det vil være tilgang til doene også for passerende. I tillegg blir det også litt lagerplass for ved, gass etc.*

*Når det gjelder plassering av hyttene henviser vi til sak nr 2020/10909-5 432.3 samt sak nr 2022/1146-3 432.3 hvor det ligger ved kart.*

*Dersom søknaden innvilges søker vi også om rivingstillatelse på den gamle utedoen ved Mebua.*



Tegningar av påbygget som vedlegg i søknaden 23.10.

### Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

### Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

## Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningslinjer, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

### **Utviding § 3, pkt 1.3 b.**

Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.

### **Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.**

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
  - Byggjeteknikk
  - Utforming og farge,
- jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

## Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

## Vurdering

Grytten Fjellstyre søkte i 2020 om å føre opp eit frittstående utedo ved Jervebu i Reinheimen nasjonalpark. Dette fekk dei løyve til, men fristen for å utføre byggetiltaket er gått ut. Ved Mebua søkte fjellstyret i 2022 om å fjerne det frittstående utedoet og bygge eit nytt utedo inntill fjellstyrehytta. På grunn av tidvis kraftig uvær på fjellet vinterstid, har utedoet ved Mebua velta overende fleire gongar. Dette fekk dei løyve til, eit løyve som framleis gjeld.

Det er forståeleg at fjellstyret søkjer om at utedoet ved Jervebu også skal innlemmast i den same bygningsmassen som fjellstyrehytta. Fordelen med dette er at det i tillegg til at bygget blir meir stabilt i dårleg vær, blir mindre bygningar og derav mindre forstyrrende element i landskapsbildet. I dette opne landskapet er det betre med eit lite tilbygg på den eksisterande hytta, enn å ha to frittstående bygningar.

I søknaden frå 2020 er begrunninga for å søke om å få utedo at det ikkje er eit do der frå før og at jervebua blir mykje brukt av Ulvådalen sausankerlag ila sommaren.

I søknaden som kom i 2022 om å bygge utedoen som eit påbygg på sjølve fjellstyrehytta er begrunnelsen at ein skal slippe å vasse gjennom snøen om vinteren om ein skal på do. Med påbygget skriv dei og at det vil bli lagerplass for ved og gass mm.

Når det gjeld påbygg på Mebua og riving av det frittstående utedoet, gjeld løyvet som fjellstyret fekk tidlegare i år framleis, jmf. vedtak i styremøtet 25.02.2022. I søknaden sin spesifiserer ikkje fjellstyret kvifor dei vil søkje på nytt. Tegningane er annleis no, enn dei tegningane dei har fått løyve til å bruke. Dei fekk løyve til å bygge på eit utedo som eit påbygg, der toalettet har ei eiga ytterdør. Du må gå ut av Mebua, og inn igjen til utedoen for å komme deg på do. Det var forvalter som forsla denne løysinga til fjellstyret, for å unngå lukt inne på Mebua. Da det ikkje kjem argument for behovet for å endre på tegningane til Mebua, vil ikkje forvalter endre på vedtaket som vart gitt tidlegare i år.

I samtale med fjellstyret kom det fram eit særleg behov for ekstra lagringsplass ved Jervebu. Det vart ikkje nemnd at det trengtes særleg meir lagringsplass ved Mebua.

Det er som sagt forståeleg at fjellstyret søkjer om at utedoet ved Jervebu også skal innlemmast i den same bygningsmassen som fjellstyrehytta. Fjellstyret har ikkje gyldig løyve til å bygge utedo ved Jervebu, da denne er gått ut. I samtale med fjellstyret kjem det fram at Jervebu er liten og trong, og ved eit påbygg kan dei få betre oppbevaringsplass der. Forvalter er skeptisk til eit do innomhus i ei så lita fjellhytte, då lukt frå utedoen kan komme inn i opphaldsrommet. Med to gangar mellom opphaldsrom og do, kan det likevel gå bra. Det er eit akseptert behov for eit toalett ved fjellstyrehytta og eit påbygg på fjellstyrehytta vil være betre for landskapsbildet, enn to frittstående bygg. Den nye tegninga av påbygget, vil og gje ekstra lagringsplass ved Jervebu.

Utedo høyrer naturleg til buer som vert nytta ein del, det er lite heldig å ikkje ha ordna toalettforhold. Små utedoeer knytt til eksisterande fiskebuer kan vurderast som tiltak av

mindre omfang, jf. retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker eller Nml § 48 ( KLD 02.03.15).

Presedensvirknad: Det er liten risiko for mange andre liknande søknader i området. Dei andre fjellhyttene i dette området har allereie utedo i dag. Det er heller ikkje mange slike fellesbuer/tilsynsbuer knytt til landbruksnæring, så det er lite sannsynleg at det vert skapt uheldig presedens ved risiko for mange tilsvarende søknader. Økosystemtilnærming og samla påverknad er difor liten, jf. naturmangfaldlova § 10.

Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite og villreintrekk gjer at retningslinene i forvaltningsplanen er streng ved vurdering av presedens i samband med bygging av t.d. uthus/utedo i Reinheimen nasjonalpark. Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger for god overvaking gjennom året. Bygget i seg sjølv vil ikkje komme i konflikt med villreinsinteressane då dei ikkje ligg i eit område som har vinterbeite, villreintrekk eller kalving. Kunnskapen om naturverdiar og villreinen sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 ( føre-var prinsippet).

Det vil i tillegg vera behov for motorisert transport av byggematerialar. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggjeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder §11, er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.

Utedo høyrer naturleg til buer som vert nytta ein del, og i samband med overnatting vil det vera behov for ein utedo. Sidan hyttene blir benytta til overnatting kan eit utedo hindre forsøpling av dopapir i desse områda og nytta av eit utedo vil være større enn ulempen. Ut i frå ei total vurdering og med dei vilkåra som er satt ved Jervebu, vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for nasjonalparken.





Arkivsaksnummer: 2022/7831-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 28.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	48/2022	08.11.2022

## Ottadalen LVO - dispensasjon - 2022 - bygging av utedo ved fiskebu ved Kroketetjønn - Torgeir Aamot

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel naturmangfaldlova § 48 får Torgeir Aamot dispensasjon til oppsetting av ny utedo inntil si fiskebu ved Kroketetjønn i Ottadalen landskapsvernområde.

Nytteverdien er vurdert som større enn ulempene, og tiltaket vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål.

#### Dispensasjon blir gjeve med følgjande vilkår

- Utedoen kan ha eit utvendig mål på inntil 1,2 m x 1,2 m, og høgde 2,3 m frå bakkenivå til tak ved inngangsdøra.
- Taket skal være pulttak, og takmaterialet skal vera med matt overflate, eller torv.
- Utvendig kledning skal påførast same farge som på fiskebua.
- Utedoen skal plasserast inntil fiskebua på austveggen. Endeleg plassering skal avklarast i felt med nasjonalparkforvaltar evt. SNO.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort og transporterast bort frå verneområdet.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er sett til 01.10.24. Etter denne fristen fell dispensasjon bort.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket. Vi gjer merksam på tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommunen.

Motorisert transport av byggematerialar skal avklarast nærare med nasjonalparkforvaltar, slik at transporten blir tilrettelagt for å unngå skade på terreng, eller medfører uroing av villrein i sårbare periodar av året.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Torgeir Aamot, 06.08.22
- Tidligere behandling og avslag om oppfølging av utedo i 2008 – dokument oversendt frå Skjåk kommune 28.10.22
- Rertningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter Nml §48, KLD 02,03,15

## Saksopplysningar

### Søknaden

Torgeir Aamot søker om dispensasjon til å bygge utedo på si fiskebu ved Kroketetjønn i Ottadalen landskapsvernområde. Det er lagt ved ei enkel skisse av utedoen som viser utvendige mål på 1,2 x 1,2 m, og ei høgde på 2,1 meter ved inngangsdøra.




Foto: fiskebu ved Kroketetjønn, gnr: 224/1/396. Verneområdelogg SNO 2017

## Historikk om byggetiltak ved Krokettjønn

I 2007 søkte Aamot om å sette opp utedo ved si fiskebu. Fylkesmannen, som på det tidspunktet hadde forvaltningmyndighet, avsto søknaden. Det vart klaga på vedtaket og direktoratet for naturforvaltning tok ikkje klaga til følge, og stadfesta vedtaket til fylkesmannen i brev av 28.04.2008. Kommunane fekk på den tida formelt forvaltningsmyndighet for sitt areal innafor verneområdet, og ved ei synfaring vart det konstatert at tilbygget likevel var oppført. Skjåk kommune følgde opp saka vidare som eit ulovleg forhold gjennom plan- og bygningslova for å kunne treffe nødvendige reaksjonar. Saksbehandlar i Skjåk kommune gav aksept for at eigar kunne mure ein do av stein som ei primitiv alternativ løysning til utedo. Den oppførte doen ble så fjerna frå tomten hausten 2008, og det er i følgja søkjer ikkje utedo på hytta i dag.

I 2020 søkte Krokettjønn Vasslag om dispensasjon til å bygge utedo ved si tilsynshytte i same område. Bua vert nytta i samband med tilsyn- og vedlikehaldsarbeid på vatningsdammen, som er kjelda til vatningssystemet for 7 gardsbruk i Skjåk. Det vart gjeve dispensasjon til oppføring av ny utedo på 1,2 m<sup>2</sup>, som ble plassert 26 meter sør for hytta, jf. foto under:



Foto: Krokettjern Vasslag si tilsynsbu og utedo, Verneområdelogg SNO 2021

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Ottadalen landskapsvernområde, 24.11.2006.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr.100.

### Verneformål – forskrift

Landskapet i Ottadalen LVO er i medhald av § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep: «Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering,

*treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.»*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3, pkt. 1.3. a) gje løyve til:

a) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

## **Forvaltningsplan**

I forvaltningsplan for Reinheimen, s. 144:

*For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta etter søknad tillate ei mindre utviding av bygningen på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet, men likevel slik at samla areal ikkje overstiger 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Det vil ikkje bli gjeve løyve til å byggje uthus/do for ei enkeltstående hytte.*

*For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.*

## **Naturmangfaldlova**

Søknad om frittstående utedo er ikkje spesifisert som eit unntak nasjonalparkstyret kan gje løyve til etter verneforskrifta. Søknaden må behandlast etter naturmangfaldlova § 48, dispensasjon frå vernevedtaket, med følgjande ordlyd:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

## **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følger ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## **Vurdering**

Verneforskrifta og forvaltningsplanen opnar i utgangspunktet berre for ombygging og tilbygg, og ikkje for nye *frittstående* bygg. Det er søkt om eit frittstående bygg, og av omsyn til lukt/hygiene, kan eit separat bygg i dette tilfelle vurderast. Søknad om frittliggande bygg må behandlast etter unntaksheimelen i naturmangfaldlova § 48.

Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, utgjeve av Miljødirektoratet i 2014, har retningsliner som er relevante for vurderinga om det kan gjevast dispensasjon (s. 11):  
*«Hvis et omsøkt tiltak eller en aktivitet ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, kan forvaltningsmyndigheten vurdere dispensasjon etter § 48 første alternativ.»*

*Ved søknad om dispensasjon må det først vurderes om vilkårene er oppfylt.*

*Vilkårene er kumulative, det vil si at begge vilkårene må være oppfylt. Det at vilkårene er oppfylt gir ikke krav på dispensasjon. Bestemmelsen er en kan-bestemmelse, som innebærer at det skal foretas en konkret vurdering av om det skal gis en dispensasjon dersom vilkårene er oppfylt. I avveiningen av om dispensasjon skal gis må det foretas en skjønsmessig vurdering.*

*Blant annet vil omfanget, miljøvirkningen og nødvendigheten av de tiltak som det søkes dispensasjon for, ha betydning. Også de hensyn som positivt taler for det omsøkte tiltak, og om det vil stride mot verneverdiene om tilsvarende dispensasjonssøknader blir innvilget i fremtiden, inngår i vurderingen.*



Dispensasjon etter § 48 første alternativ, omfatter tiltak som er forenlig med verneformål og verneverdier i det aktuelle området. Dette vil i noen grad avhenge av verneform. Generelt vil det ikke være adgang til å dispensere for tiltak og bruk som forutsetter større tekniske inngrep, for eksempel kraftutbygging eller oppføring av private fritidshytter.

Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene.»

Torgeir Aamot har ei privat fiskebu ved Kroketetønn i Ottadalen lvo, som ligg ca 1350 moh nordvest for Aursjoen i Skjåk. Fiskebua er i god stand og har eit areal på ca. 20 m<sup>2</sup>. Det er ikkje utedo på fiskebua i dag, og avstand til Vasslaget sin utedo er ca 200 meter, og såpass langt unna at felles bruk er lite praktisk og hensiktsmessig. Fiskebua er markert med raud ring, og Vasslaget sin utedo er markert med blå ring på flyfoto under.



Utedo høyrer naturleg til buer og hytter, og det er lite heldig å ikkje ha ordna toalettforhold. Små utedoer knytt til eksisterande fiskebuer kan vurderast som tiltak av mindre omfang, jf. retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker eller Nml § 48 ( KLD 02.03.15), og vil ikkje verke negativt på verneverdiane dersom den blir plassert inntil eksisterande fiskebu.

Bygget det er søkt om synest vera i samsvar med byggeskikk for utedo i høgjellet. Ein kan ikkje sjå at ein liten utedo vil vera i strid med formål for vernet. Det er heller ikkje mange fiskebuer utan ordna toalettforhold, så det er lite sannsynleg at det vert skapt uheldig presedens ved risiko for mange tilsvarande søknader, slik at samla påverknad blir for stor (jr. Nml §10).

I forvaltningsplanen kan det verke som om forbodet mot frittstående nybygg i Ottadalen lvo i første rekkje er retta mot fritidsbustader, jf. ordlyden i retningslinjene i pkt. 10.4.2:

«For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta etter søknad tillate ei mindre utviding av bygningen på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet, men likevel slik at samla areal ikkje overstiger 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Det vil ikkje bli gjeve løyve til å byggje uthus/do for ei enkeltstående hytte. -»

Dersom utedoen blir plassert inntil fiskebua på austveggen, vil den bli mindre synleg i landskapet enn om den står fritt i større avstand til fiskebua. Nytteverdien av ein ny do på



fiskebua er vurdert som stor, og er eit tiltak av mindre omfang, tilpassa den tradisjonelle bruken av området.

Tiltaket er også vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8- 12, og det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 og 9. Ny do ved eksisterande tilsynsbu vil ikkje føre til auka bruk, eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål, jf. nmf § 48.

Det vil i tillegg vera behov for motorisert transport av byggematerialar. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane, jf. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder. §11 er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.



Arkivsaksnummer: 2022/10197-1

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 31.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	49/2022	08.11.2022

## Forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat - oppstart av arbeidet

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i vedtektene for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.1, gjer nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtak om å sette i gang arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og 6 landskapsvernområde; Ottadalen, Finndalen, Lordalen Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og 5 naturreservat; Brettingsmoen, Vermedalen, Slettsvaet, Muldalslia og Einstullie.

Gjennom bestillingsdialogen med Miljødirektoratet skal det meldast inn behov for midler til gjennomføring av arbeidet med revidering av forvaltningsplan.

For å sikre god framdrift skal sekretariatet førebu ei sak til nasjonalparkstyret med forslag til prosjektplan for forvaltningsplanarbeidet. Vedtatt prosjektplan skal være utgangspunkt for melding om oppstart av planarbeidet, som skal sendast til kommunar, fylkeskommunar, grunneigarar, grunneigarar, andre rettighetshavarar, og aktuelle brukargrupper.

Styret ber også om en vurdering av behovet for ein mindre revisjon av besøksstrategien samtidig i forvaltningsplanarbeidet.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Forvaltningsplan for Reinheimen 2010
- Vedtekter - nasjonalparkstyret for Reinheimen
- Veileder – Lage forvaltningsplan for et verneområde – Miljødirektoratet 18.10.22: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/myndigheter/lage-forvaltningsplan-for-et-verneomrade/>

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret har ansvar for å revidere forvaltningsplan. I vedtektene for nasjonalparkstyret pkt. 8.1 står det følgjande:

### **8.1 Forvaltningsplan**

*Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplanen skal utarbeidast innafor ramma av naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.*

Forvaltningsplan for Reinheimen er frå 2010, og er tilgjengelige som pdf dokument på nasjonalparkstyret si nettside: [Forvaltningsplan\\_100426 \(nasjonalparkstyre.no\)](https://www.nasjonalparkstyre.no/forvaltningsplan_100426)

Besøksstrategien for Reinheimen er eit vedlegg til forvaltningsplan, som vart godkjent av miljødirektoratet i 2019. Besøksstrategien er også tilgjengeleg på styret si nettside: [Besoksstrategi-for-Reinheimen.pdf \(nasjonalparkstyre.no\)](https://www.nasjonalparkstyre.no/forvaltningsplan/forvaltningsplan-vedlegg-2019/besoksstrategi-for-reinheimen.pdf)

## Vurdering

### **Stutt historikk om forvaltning av Reinheimen:**

Frå 2007 var det dei 6 kommunane med areal i Reinheimen som hadde forvaltningsansvaret for verneområda innafor sine kommunegrensar. I tillegg var det oppretta eit rådgjevande samarbeidsorgan, kontaktutval for Reinheimen (KUR). Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde vart etter kvart overført frå dei 6 kommunane til nasjonalparkstyret hausten 2012, og i løpet av vinteren 2013 var ny lokal forvaltning med eit eiga nasjonalparkstyre for Reinheimen på plass.

Forvaltningsplanarbeidet for Reinheimen starta opp i 2004, før oppretting av verneområda og etablering av nasjonalparkstyra. Planprosessen var omfattande med eit sekretariat fordelt mellom mange administrative ressursar i kommunane.

Forvaltningsplan ble utarbeidd i to fasar:

1. I 2004 vart det gjennomført ein brei prosess i alle 6 kommunane med møte i styringsgruppe, referansegrupper og opne møte. Det var løpande kontakt med Fylkesmannen undervegs i arbeidet, som deltok på møta. Forvaltningsplan for Tafjorden – Reindalen LVO og Trollstigen LVO vart utarbeidd av Norddal kommune ved konsulentfirma "Steget", og Rauma kommune ved Thomas Rødstøl. Forvaltningsplan for Romsdalen LVO vart utarbeidd av Rauma kommune ved Thomas Rødstøl. Forvaltningsplan for Lordalen LVO vart utarbeidd av Lesja kommune ved Rolf Sørungård. Dei andre delplanane Ottadalen, Finndalen LVO og Reinheimen NP, vart utarbeidd av kommunane Vågå, Lom og Skjåk ved Trond Stensby.
2. Etter vernevedtaket i 2006 ble arbeidet med forvaltningsplanen teke opp att, og planforslaget ble justert i høve til gjeldande verneforskrifter. Sekretær for det vidare arbeidet med forvaltningsplan var Trond Stensby i Vågå kommune, i samråd med saksbehandlarar i dei andre 5 kommunane: Toralv Klokkehaug og seinare Kristin Sandnes (Norddal kommune), Rune Horvli og seinare Brit Grønmyr (Rauma kommune), Bjørn Dalen (Skjåk kommune), Rolf Sørungård (Lesja kommune), Sander Sælhun (Lom kommune), og KUR.

Planen vart sluttbehandla i KUR i to trinn, der høyringsinnspel av politisk karakter vart drøfta i trinn 1, og der alle innspela var innarbeidd i planen i trinn 2. Saksbehandlar for sluttbehandlinga i KUR var Berit Fiksdahl, som på det tidspunktet var tilsett som sekretær for

KUR. Forvaltningsplan for Reinheimen vart godkjent av Direktoratet for naturforvaltning 14.12.2009.

Gjeldende forvaltningsplan for Reinheimen har fungert godt som styringsdokument i forvaltningen av nasjonalparken og dei tilhøyrande landskapsvernområder og naturreservat.

Planen gir utfyllande reglar og retningsliner for å ivareta verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Forvaltningsplanen tar omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter, tar høgde for lokale forhold der det ligger til rette for det, og gir lik forvaltningspraksis for brukarar i områda.

Forvaltningsplanen skal revideres etter behov, men miljødirektoratet tilrår at planperioda ikkje bør vera meir enn 10 år.

Det har skjedd endringar i samfunnet dei siste 10 åra som også verkar inn på verneområda, og no er tida inne for å revidere forvaltningsplan for Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Det er behov for ein revisjon av forvaltningsplanen fordi:

- Kunnskapsgrunnlaget må oppdaterast.
- Det er utarbeidd ny kvalitetsnorm for villrein
- Bruken av verneområda er i endring.
- Metodane for framstilling og distribusjon av plandokumenta har endra seg.
- Besøksforvaltning skal være eit eiga tema i forvaltningsplanane.
- Behovet for informasjon har auka, og kommunikasjon skjer på fleire plattformer.

Forvaltningsplanen er viktig for å synleggjere forvaltningsmessige oppgåvar og tiltak. Dei siste åra er det gjeve innspel om manglar i planen, og behov knytt til revisjonsarbeid av forvaltningsplanen. Sekretariatet vil særleg trekke fram følgjande forhold som viktige ved revisjon:

- fastsette bevaringsmål og status for verneverdiane.
- leggje eintydige og samordna retningsliner for organisert ferdsel.
- legge eintydige og samordna retningsliner for byggesaker i verneområda.
- ha ny vurdering av løyper og stiger.
- ha lik praksis knytt til dispensasjon for motorferdsel i utmark, samt ein gjennomgang av køyretrasear og avgrensning i talet på turar og sesong med tidsfristar i dei ulike delane av verneområda
- presisering av retningsliner knytt til plassering av båter og garnkasser, for å følge opp over tid og unngå forsøpling
- tydleggjere retningsliner for byggesaker
- planleggje for god besøksforvaltning og aktivt kommunikasjonssarbeid.
- følge opp behovet for skjøtsel, restaurering, kanalisering og tilrettelegging
- produksjon av aktuelle temakart i digitale kartdatabaser.

Besøksstrategien er eit vedlegg til forvaltningsplanen og vart godkjent av miljødirektoratet i 2019. Brukerundersøkinga gjennomført i 2022, blir eit viktig bidrag til kunnskapsgrunnlaget, og vil gje oppdatert kunnskap om besøkande i verneområda. Brukarundersøkinga er gjennomført etter standard metode i Noreg, med ssjølvregistreringsskjema i svarkassar plassert på 20 innfallsportar kring verneområdet. Det blir og gjennomført ein oppfølgjande etterundersøking via e-post i haust/på nyåret. I tillegg har ein relativt gode telldata for ulike ferdselstraseer over fleire år, og resultat frå undersøkinga i 22 kan samanliknast med undersøkinga i 2011 og undersøking i andre nærliggjande verneområder. Dette vil vera eit godt grunnlag for tema knytt til besøksforvaltning i forvaltningsplanen. Rapporten for brukerundersøkelsen i 2022, og endringer i besøksmønster kan gi grunnlag for å vurdere revisjon av besøksstrategien samtidig i arbeidet med revidering av forvaltningsplan.

I planarbeidet er det viktig med involvering. Det er naturleg at nasjonalparkstyret er styringsgruppe for forvaltningsplanarbeidet, og administrativt kontaktutvalg og rådgivende utvalg blir involvert i planprosessen. Vidare må det leggjast opp til dialogmøter med aktuelle partar, som næringsliv, lag og organisasjoner, og opne møter i kvar kommune og fylker med areal i verneområdet.

Det kan også være aktuelt å opprette ulike ad-hoc faggrupper. Detaljer rundt dette og andre sider ved planarbeidet blir skildra i ein eigen prosjektplan som skal godkjennast av nasjonalparkstyret på nyåret 2023.

Det blir også søkt om midler gjennom bestillingsdialogen for 2023, til gjennomføring av planarbeidet.



**ST 50/2022 Orienteringar**